



Arvid Daae Odland
Løypefona 36
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10063 - 21/6436

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
28.01.2021

Avvist søknad om rehabilitering av kai - gbnr 336/121 Ådland nordre

Administrativt vedtak.

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Saknr: 138/21

Arvid Daae Odland

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om rehabilitering av kai avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad mottaken 20.05.20. Saka gjeld søknad om rehabilitering av kai på gbnr 336/121 i Ådland nordre. Kommunen etterlyste opplysningar i brev av 28.05.20. Det vart ikkje mottatt opplysningar innafør fristen den 30.06.20

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område som i kommunedelplan for Meland er avsatt til fritidsbustadføremål. Tiltaket er i strid med byggjegrense mot sjøen avsatt i planen, med føremål på landet- fritidsbustad og føremål i sjøen – bruk og vern av sjø og vassdrag -føremål.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

Forhold som ikkje stettar krava til søknad, jf. pbl. § 21-2 og SAK § 5-4:

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

1. Søknad om dispensasjon frå kommunedelplanen si føresegn 1.6.8 (felles anlegg for eksisterande bygningar), frå forbod å byggje i strandsone og frå planføremaal i sjøen bruk og vern av sjø og vassdrag må sendast inn. Den skal grunngjevast. Sjå rettleiing på våre heimesider eller linken nedanfor:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/>

2. Bergen hamn skal uttale seg om tiltak i sjøen. Du må ta kontakt med mynde og sende uttale til oss før vi kan handsame saka vidare.
3. Søknad om dispensasjon og byggjetiltak må nabovarslast og sendast inn til kommunen.
4. Teikningar i målestokk før og etter tiltaket skal sendast inn til kommunen.
5. Søknad om tiltak med ansvarsrett må sendast inn. Søknaden skal sendast av ansvarleg søker, ansvarsrettar skal belysast i gjennomføringsplanen. Erklæringar om ansvarsrett skal leggjast ved. Du kan velje om du søker først om dispensasjonen eller sender samla søknad om dispensasjon og byggjetiltak.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arvid Daae Odland

Løypetona 36 5918

FREKHAUG